

Olaf Agnar Gausvik er godt i gang med ei ny bok som uskedalingane verkeleg ser fram til. Den skal handla om Gustav Bergstø, bygdas store fargeklatt, oppfinnar og original.



Olaf Agnar Gausvik etterlyser.....

No har Olaf Agnar brukt ei heil veke i Kvinnherad på å snakka med folk som hadde noko å fortelja om Gustaven og mykje interessant kom fram. Han hadde også tre trivelege økter med gubben sjølv.



.....den originale Gustaven-annonsen

I Kvinnheringen fekk Olaf Agnar sjå gjennom alle årgangane og kopiera artiklar, intervju og lesarinnlegg. No har forfattaren arbeid i lang tid framover.

Berre ein ing glapp: Han fann ingen av dei gode, gamle annonsane til Gustaven der han oppmoda folk om å klippa lysinga ut og hengja ho på ein spiker for ikkje å gløyme tilbodet. Olaf Agnar etterlyser ein slik annonse, han skulle gjerne hatt han slik han var utforma originalt.

Forfattaren si mailadresse er marialg@online.no.

Av Ola Matti Mathisen